

KOMMISJONSVEDTAK**2001/EØS/26/25****av 13. oktober 1999****om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av fællesskapsmiljømerket til berbare datamaskiner(*)***[meldt under nummeret K(1999) 3278]***(1999/698/EF)**

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR –

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fællesskapet,

med tilvising til rådsforordning (EØF) nr. 880/92 av 23. mars 1992 om en fællesskapsordning for tildeling av miljømerke⁽¹⁾, særleg artikkel 5 nr. 1 andre strekpunktet, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Etter artikkel 5 nr. 1 første leddet i forordning (EØF) nr. 880/92 skal vilkåra for tildeling av fællesskapsmiljømerket fastsetjast for kvar produktgruppe.
- 2) I artikkel 10 nr. 2 i forordning (EØF) nr. 880/92 er det fastsett at den innverknaden som eit produkt har på miljøet, skal vurderast ut frå dei særskilde kriteria for produktgruppene.
- 3) Kriteria bør reviderast innan to år, slik at energikrava kan tilpassast teknologiske nyvinningar og marknadsutviklinga.
- 4) I samsvar med artikkel 6 i forordning (EØF) nr. 880/92 har Kommisjonen rådspurt dei viktigaste interessegruppene i eit samrådsforum.
- 5) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegnen frå det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 7 i forordning (EØF) nr. 880/92 –

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Produktgruppa «berbare datamaskiner» (heretter kalla «produktgruppa») vert definert på følgjande måte:

- berbare datamaskiner som finst i handelen, som er frittståande på den måten at dei ikkje er avhengige av jamn forsyning utanfrå av programvare, datahandsamingskapasitet eller straum for å verke som dei skal, og som hovudsakleg er meinte for datahandsaming og utstyrde med både inn- og ut-einingar.

Artikkel 2

Den innverknaden som produktgruppa har på miljøet og dugleiken hennar skal vurderast ut frå dei særskilde miljøkriteria som er førde opp i vedlegget til dette vedtaket.

Artikkel 3

Definisjonen av og dei særskilde miljøkriteria for produktgruppa skal gjelde i to år frå den første dagen i månaden etter den månaden då kriteria vert vedtekne. Dersom det ikkje er vedteke reviderte miljøkriterium innan dette tidsrommet går ut, skal dei gjelde i endå eit år eller inntil den dagen då dei nye kriteria vert vedtekne, alt etter kva tidspunkt som kjem først.

(*) Denne fællesskapsrettsakta, kunngjord i TEF L 276 av 27.10.1999, s. 7, er nemnd i avgjerd i EØS-komiteen nr. 33/2000 av 18. april 2000 om endring av vedlegg XX til EØS-avtala (Miljø), sjå EØS-tillegget til Tidend for Dei europeiske fællesskapa nr. 27 av 15.6.2000, s. 12.

(1) TEF L 99 av 11.4.1992, s. 1.

Artikkel 4

For administrative føremål vert produktgruppa tildelt kodennummeret «018».

Artikkel 5

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 13. oktober 1999.

For Kommisjonen

Margot WALLSTRÖM

Medlem av Kommisjonen

VEDLEGG

MÅLSETJING

For at berbare datamaskiner skal kunne tildelast miljømerket, må dei stette kriteria i dette vedlegget, som skal føre til

- *mindre skade på eller fare for miljøet som følge av energiforbruk (global oppvarming, forsurening, utarming av ressursar som ikkje kan fornyast) ved at energiforbruket vert lågare,*
- *mindre skade på miljøet som følge av bruk av naturressursar ved at produsentane vert oppmuntra til å framstille datamaskiner som kan attvinnast, har lang levetid og har delar som kan bytast ut,*
- *mindre skade på eller fare for miljøet som følge av bruk av farlege stoff ved at bruken av slike stoff vert mindre.*

Kriteria skal òg fremje best mogleg bruk og gjere forbrukarane meir medvitne om vern av miljøet.

Dessutan skal attvinning av maskinene fremjast ved at plastkomponentar vert merkte.

Dei ansvarlege organa vert rådde til å ta omsyn til gjennomføringa av godkjende miljøforvaltingsordningar, t.d. EMAS eller ISO 14001, når dei vurderer søknader og fører tilsyn med at kriteria i dette vedlegget vert stetta. (NB: Det er ikkje påkravd å gjennomføre slike forvaltingsordningar).

HOVUDKRITERIUM

1. **Spare energi**

Den berbare datamaskina skal ha eit energiforbruk i kviletilstand på høgst 5 watt.

Den berbare datamaskina skal ha eit energiforbruk på høgst 3 watt når ho er slått av.

Den berbare datamaskina skal ha ei standardinnstilling som gjer at ho skifter automatisk frå driftstilstand til kviletilstand etter høgst 15 minuttar utan aktiv bruk. Denne innstillinga skal vere aktivert av produsenten, men brukaren skal kunne slå henne av.

2. **Lengje levetida**

Produsenten skal garantere at den berbare datamaskina verkar i minst tre år. Garantien skal gjelde frå datoen for levering til kunden.

Det skal garanterast at kompatible reservedelar og service vil vere tilgjengelege i fem år rekna frå leveringsdatoen.

Den berbare datamaskina skal dessutan stette følgjande kriterium:

1. Ho skal vere oppbygd av modular, slik at komponentane er lett tilgjengelege.
2. Det skal vere mogleg å oppgradere direkteminnet. Det skal minst vere mogleg å byte ut prosessoren, harddisken og ein eventuell CD-ROM-stasjon. Det skal vere mogleg å byte ut prosessoren ved å byte heile hovudkrinskortet.
3. Det skal finnast minst éin ledig kortplass.

KRITERIUM FOR BEST MOGLEG BRUK

3. **Tilbakelevering og attvinning**

Produsenten skal utan vederlag tilby å ta tilbake for attvinning den berbare datamaskina og komponentar som vert bytte ut, bortsett frå i tilfelle der dei er vortne kontaminerte av brukarane (t.d. ved medisinsk eller nukleær bruk).

Den berbare datamaskina skal dessutan stette følgjande kriterium:

1. Ho skal kunne demonterast av éin faglærd person åleine.
2. Produsenten skal kontrollere demonteringa av sentraleininga og leggje fram ein rapport om demonteringa. Rapporten skal m.a. stadfeste at samanføringane er
 - lette å finne og tilgjengelege,
 - mest mogleg standardiserte,
 - tilgjengelege med vanleg verktøy.

3. Materiale som ikkje høver saman og er farlege, skal kunne skiljast frå kvarandre.
4. Av plast- og metallmateriala i kabinettet og understellet skal 90 % (etter volum) kunne attvinnast teknisk. Attvinning omfattar i dette tilfellet ombruk, attvinning av materiale eller kjemisk attvinning (t.d. pyrolyse, forgassing). Metallisering av plastdelar er tillate.
5. Dersom det må nyttast etikettar, skal dei anten vere lette å fjerne eller vere ein integrert del av datamaskina.
6. Plastdelar skal
 - ikkje medvite vere tilsette bly eller kadmium,
 - vere framstilte av éin polymer eller av fleire polymerar som høver saman, bortsett frå i kabinettet, som skal innehalde høgst to typar polymerar som kan skiljast frå kvarandre,
 - ikkje innehalde metallinnlegg som ikkje kan skiljast frå kvarandre.
7. Plastdelar som veg meir enn 25 g, leidningar og plast til innkapsling av straumforsyningskomponentar, batteri eller anna tilleggsutstyr
 - a) skal ikkje innehalde følgjande flammehemmande middel:

Namn	CAS-nr.
Dekabrombifenyl	13654-09-6
Monobromdifenyleter	101-55-3
Dibromdifenyleter	2050-47-7
Tribromdifenyleter	49690-94-0
Tetrabromdifenyleter	40088-47-9
Pentabromdifenyleter	32534-81-9
Heksabromdifenyleter	36483-60-0
Heptabromdifenyleter	68928-80-3
Oktabromdifenyleter	32536-52-0
Nonabromdifenyleter	63936-56-1
Dekabromdifenyleter	1163-19-5
Klorparafin med kjedelengde på 10-13 C-atom, klorinnhald > 50 vektprosent	85535-84-8

- b) skal ikkje innehalde flammehemmande stoff eller preparat med stoff som er tildelte eller kan tildelast ei av risikosetningane R45 (fare for kreft), R46 (fare for arvelege skadar), R50 (svært giftig for vassorganismar), R51 (giftig for vassorganismar), R52 (skadeleg for vassorganismar), R53 (kan føre til uønskte langtidsskadeverknader i vassmiljøet), R60 (kan skade forplantingsevna) eller R61 (fare for forsterskadar) slik dei er definerte i rådsdirektiv 67/548/EØF⁽¹⁾, sist endra ved kommisjonsdirektiv 98/98/EF⁽²⁾,
 - c) skal ha varig merking i samsvar med standarden ISO 11469 som syner kva materiale dei er framstilte av. Dette kriteriet gjeld ikkje for ekstruderte plastmateriale og lysleiaren til flatskjermane.
8. Batteri skal ikkje innehalde meir enn 0,0001% kvikksølv, 0,001% kadmium eller 0,01% bly i høve til vekten av batteriet.
9. Bakgrunnslyset til flatskjermane skal ikkje innehalde
 - a) meir enn 5 mg kvikksølv for skjermar som er mindre enn 12 tommer (30,48 cm målt diagonalt over biletfleta til skjermen),
 - b) meir enn 10 mg kvikksølv for større skjermar.

(1) TEF L 196 av 16.8.1967, s. 1.

(2) TEF L 355 av 30.12.1998, s. 1.

4. Bruksrettleiing

Den berbare datamaskina skal seljast med ei føremålstenleg bruksrettleiing som inneheld råd om miljøvenleg bruk, særleg:

1. Tilrådingar om bruk av straumsparende innstillingar, medrekna opplysningar om at energiforbruket, og dermed driftskostnadene, kan auke dersom innstillingane vert slått av.
2. Opplysningar om det største og minste energiforbruket til den berbare datamaskina under drift, i kviletilstand og i avslått tilstand, og dessutan om at forbruket av nettstraum kan minskast til null dersom støpslet til datamaskina vert trekt ut av stikkkontakten eller den veggmonterte stikkkontakten vert slått av.
3. Opplysningar om garantien og korleis reservedelar kan skaffast. Dersom det er mogleg for forbrukaren å oppgradere eller byte ut komponentar, skal det gjevast opplysningar om korleis dette skal gjerast.
4. Opplysningar om at produktet er utforma på ein slik måte at delar kan nyttast om att og attvinnast, og difor ikkje må kastast.
5. Råd om korleis forbrukaren kan nytte seg av tilbakeleveringsgarantien frå produsenten.

5. Miljøfråsegn

Til brukaren:

Ei miljøfråsegn skal følgje med produktet og vere tilgjengeleg for brukaren. Dette dokumentet skal vere i samsvar med teknisk rapport nr. 70 Product-related environmental attributes frå Den europeiske samanslutninga av datamaskinprodusentar (ECMA).

Til det ansvarlege organet:

Det skal gjevast ei fråsegn til det ansvarlege organet om alle stoff i flytande form eller i gassform som utgjer meir enn 0,1 mg i batteriet og i den flytande krystall-skjermen, som er tildelte eller kan tildelast ei av risikosetningane R45 (fare for kreft), R46 (fare for arvelege skadar), R50 (svært giftig for vassorganismar), R51 (giftig for vassorganismar), R52 (skadeleg for vassorganismar), R53 (kan føre til uønskte langtidsskadeverknader i vassmiljøet), R60 (kan skade forplantingsevna) eller R61 (fare for forsterskadar) slik dei er definerte i rådsdirektiv 67/548/EØF, sist endra ved kommisjonsdirektiv 98/98/EF.

PRØVING

6. Prøvingslaboratorium

Dersom det må utførast prøving, skal ho gjerast av laboratorium som stettar dei allmenne krava i standardane EN 45001, og søkjaren skal dekkje utgiftene.

FORBRUKARINFORMASJON

Teksta nedanfor skal vere påførd slik at ho er godt synleg for forbrukarane (ved sida av etiketten dersom det er mogleg):

Dette produktet stettar krava til tildeling av fællesskapsmiljømerket fordi det nyttar lite energi, komponentar lett kan bytast ut og det er lett å reparere, attvinne og disponere på ein miljøvenleg måte.

Bruksrettleiinga inneheld fleire opplysningar om korleis innverknaden på miljøet kan gjerast minst mogleg.
